

ÅRSMØTEPROTOKOLL

FOR ÅRSMØTE HALDE

8. April 2014 på rådhuset i Lindås kommune

Desse møtte:

<i>Medlemsbedrift</i>	<i>Namn (rolle)</i>
Lindås VVS, Nils Træland:	Nils Arne Træland (leiar i styret)
Nordhordland elektro/NHIL:	Geir Kleppe (styrerepresentant)
LO Nordhordland:	Silje Nilsen (styrerepresentant)
Nordhordland Industriservice:	Vibeke Prestmo Valestrand
Lindås kommune:	May Eva Sandvik (styrerepresentant)
Frå administrasjonen møtte:	Lillian Vabø Mongstad (dagleg leiar) og Siri Hindenes Torsvik (kontortilsett)

Det var sendt skriftleg innkalling med sakliste, årsmelding, revidert rekneskap for 2013, revisjonsberetning, rammebudsjett 2014 og gjeldande vedtekter. Fungerande styreleiar Nils Arne Træland opna årsmøte, kl. 18.10.

Årsmøtesaker:

1. *Godkjenning av innkalling.* Godkjent utan merknadar
2. *Godkjenning av sakliste.* Godkjent utan merknadar
3. *Val av møteleiar.* Nils Arne Træland vart valt til møteleiar.
4. *Val av skrivar og 2 personar til å skriva under møteprotokollen.*
Lillian Vabø Mongstad vart valt til skrivar, og Geir Kleppe og May Eva Sandvik fekk kontrolloppgåva og vart valt til å skriva under årsmøteprotokollen.
5. *Styret si årsmelding.*
Nils Arne Træland las opp årsmeldinga, som vart godkjent av årsmøte utan innvendingar.
6. *Utbetaling av overskott/opplæringstilskott.*
Styret tilrår (jfr. årsmeldinga) å setja av kr. 4.000.000,- til utbetaling til bedriftene. Årsmøte vedtok framlegget frå styret.
7. *Rekneskap 2013.*
Dagleg leiar la fram revidert rekneskap og orienterte om innhaldet. Rekneskapen vart godkjent utan merknadar.
8. *Rammebudsjett 2014.*
Godkjent utan merknadar
9. *Val av styremedlemmer – leiar og valnemnd.*
Valnemnda hadde meldt forfall, så styreleiar presenterte framlegget frå valnemnda. Under fylgjer resultatet av valet:

Styreleiar 2014: Nils Arne Træland, Lindås VVS (vald for 1 år)

Personleg varamedlem: Terje Seim, Seim Bygg (vald for 1 år)

Styremedlem: May Eva Sandvik, Lindås kommune (vald for 2år)

Personleg varamedlem: Dagrunn Gunnarson, Fedje kommune (vald for 2 år)

Styremedlem: Konrad Risnes, Risnes Elektro (ikkje på val)

Personleg varamedlem: Sigurd Vabø, Caverion (ikkje på val)

Styremedlem: Kjersti Haugland, rektor Austrheim vgs (vald for 2 år)

Personleg vara: Øyvind Oddekalv, rektor Knarvik vgs (vald for 2 år)

Styremedlem: Leiar i LO Nordhordland, Silje Nilsen (ikkje på val)

Personleg vara: Nestleiar i LO Nordhordland, Tormod Bendiksen, (ikkje på val)

Styremedlem: Ny representant frå NHIL vert valt på årsmøte i NHIL, (Bente Kleiven er innstilt)

Personleg vara: Eva Karin Klausen, vald av NHIL

10. Val av valnemnd 2014;

Eirik Eknes frå Eknes karosseri (leiar)

Wenche Myrmel frå Austrheim kommune og

Geir Kleppe frå Nordhordland Elektro

Val av Revisor:

Statsautorisert revisor Ola T. Gimnes

Styreleiar Nils Arne Træland takka avtroppande styrerepresentantar, og overrekte blomster.

Dagleg leiar bad så årsmøte om tilslutnad til å også gje blomster til påtroppande og sitjande styremedlemmar.

Møte heva 18.50

Ref. Lillian Vabø Mongstad

Knarvik 09.04.2014

Geir Kleppe

May Eva Sandvik